

Innlegg til konferanse 2. og 3. februar

Utfordringar vi har i Vindafjord
kommune

Litt om kommunen

- To små kommunar med litt ulik kultur som slo seg saman 01.01.2006
- Kommunen har ca 8400 ib.
- 2 sjukeheimar, med integrert teneste, dvs dei som jobbar i heimesjukepleie jobbar og i institusjon
- Vi er inndelt i ulike einingar, dvs at i pleie- og omsorg er det to einingar, delt ca på midten av kommunen.
- I tillegg har vi eining for psykiatri og helse og eining funksjonshemma

forts

- Kommunen har relativt god dekking av sjukeheimsplassar (89 plasser), men problemet er at det er så mange av dei som får korttidsopphald som har så pass stort behov at det er problematisk for dei å kome tilbake til heimen.
- Vi har eiga demensavdeling
- Vi har 4 ulike dagsenter: for psykisk sjuke, for demente, for eldre som bur heime. I PU tenesta fins det og aktivitetstilbod på dagtid.

- Rådet for eldre har ein sentral plass i kommunen
- Psykisk helseteneste har brukarråd
- I 2011 blir det mest sannsynleg ein brukarundersøkelse i pleie- og omsorg og evt ein i psykisk helsteneste

Utfordringane vi har

- Vi har felles inntaksteam i pleie- og omsorg, men her er ikkje psykiatri og funksjonshemma med. Utfordringa blir då når me får brukarar med samansette behov
- Korleis praktiserer tverrfagleg arbeid slik at tenestemottakar skal oppleve auka eigenmeistring, her kan me blir flinkare.
- Me har laga eit tiltaksteam for å få betre samhandling på tvers, men er ikkje i mål.
- Korleis få til betre samhandling med legane i forhold til heimesjukepleien.

forts

- Me har pr i dag ikkje bemanna omsorgsbustader
- Me har heller ikkje ei definert rehabiliteringsavdeling i kommunen.
- Fysioterapieresursane i kommunen kunne vore større, eller så må me bruke dei resursane me har på ein annan måte enn det me gjer.
- Me har utfordring med å få nok kvalifisert personale
- Me er spent på kva samhandlingsreforma fører til, og trur ikkje me pr i dag er rusta til denne.

Eigenmestring

- Vi har ei oppfatning av at utdanningsinstitusjonane våre er fokusert mest mot det som foregår i sjukehus og institusjonar framleis.
- I ei tid der stadig fleire får bruk for tenester frå det offentlege, trur me at me må ha endå meir fokus på eigenmeistring både hos dei som mottek tenester og i personalgruppene våre. Kanskje spes i eldreomsorga, der ein del eldre fort kan bli passive om me ikkje har fokus på dette.

Kva er god nok kvalitet

- Kven definerer kva er god nok kvalitet og korleis gjer me det ut frå dei rammer og resursar me har?
- Kven eig sanninga om dette, og fins det standardar som kan sikre tilnærma lik kvalitet kvar du bur i landet? Er det dit vi skal eller ???????

Takk for meg!